



Notat

Dato: 05.11.2019

Arkivsak: 2015/11453-216

Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Orientering - Tilbod innan RAS-teknologi

Hordaland fylkeskommune har gjennom INTERREG og Nordsjøprogrammet fått EU-midlar til eit prosjekt kalla Right skills for the right future (RIGHT). Gjennom dette prosjektet skal det utviklast to pilotar som skal bidra til å utvikle ein metode for å kapitalisere på kort- og langsiktige vekstpotensial innan eksisterande og framvekstane blå og energi-relaterte sektorer. Vidare er det gjort ein Gap-analyse og ein kartlegging for regional kompetansestrategi som skal danne grunnlaget for arbeidet med pilotane.

Vidare er det bestemt gjennom RIGHT-prosjektet at ein av pilotane skal vere eit prosjekt med Fagskolen i Hordaland om å redusere kompetansegapet for havbruksnæringa ved å utvikle og gjennomføre eit fleksibelt utdanningstilbod innan RAS-teknologi (Recirculating aquacultural systems).

Fagskuleprosjektet skal utvikle fleksibel modulbasert utdanning innan RAS-teknologi på inntil 60 stp. Prosjektet er avgrensa til å imøtekome kompetansebehov i Hordaland, men eit offentleg utdanningstilbod vil ha eit nasjonalt nedslagsfelt i høve til rekruttering. Målgruppa er i hovudsak små og mellomstore bedrifter (SMB).

Fylkesadministrasjonen har i samarbeid med fagskulen etablert ein prosjekt- og arbeidsgruppe, og 4. desember 2019 vert det planlagt å arrangere ein samling med relevante verksemder frå Hordaland ved studiestad Austevoll for å få innspel til kompetansebehovet og innretninga på utdanninga.

Gjennom RIGHT-prosjektet er det sett av 330 000,- kr til denne piloten som kan nyttast til ekstern ekspertise, i tillegg har Fagskolen i Hordaland fått 300 000,- gjennom havbruksfondet i 2019 til utvikling av tilbod innan havromsteknologi, og desse midlane kan nyttast til dette føremålet. Midlane frå havbruksfondet må overførast til 2020.

Prosjektgruppa planlegger vidare at det skal utviklast eit tilbod som skulen vil søkje NOKUT om akkreditering for innan fristen 1. mars 2020, og vidare starte opp hausten 2020. Styret vil få studieplan til handsaming før det vert søkt NOKUT om akkreditering.

